

# Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Møte i Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Stad: Pollfoss Hotell, Skjåkvegen 3484, 2693 Nordberg, [www.pollfoss.com](http://www.pollfoss.com)

Dato: 21.- 22. april, 2023

## Påmelding:

Kommune	Medlemmar	Møtt	Varamedlemmar	Møtt
Dovre	Frode Faksvåg	x	Inger Marie Aalbu	
Lesja	Liv Enstad	x	Einar Utgaard	
Lom	Jon Sjurgard	x	Sigrun Garmo	
Luster	Eli Merete Hansen Moen	x	Arne Hauge	
Fjord	John Helge Larsen	x	Monika Tettli	
Rauma	Ingunn Svelle Heinåli	x	Arne Hoem	
Skjåk	Randi Rust	x	Thorstein Åmodt	
Stranda	Steinar Aanning		Torill Ansnes	
Stryn	Johan Berge	x	Karoline Hatledal	
Vågå	Pål Grev	x	Karola Wenzel	
SF-MR	Andreas Sandnes Granli		Bjarne Otnes	
Sekretær	Tor Taraldsrud	x		

## Program:

### Fredag 21. april

17:30 – 18:00 Kaffi / te / enkel bevertning

18:00 – 19:30 Møte villreinnemnda (møterom for minst 11 pers)

20:00 Middag

### Laurdag 22. april (tidsskjema kan bli noko endra)

08:00 – 09:00 Frukost

09:00 – 10:00 Møte villreinnemnda (møterom for minst 11 pers)

10:00 – 10:30 Kaffi / te / frukt (i stort møterom)

10:30 – 11:30 Felles møte med villreinutvalet (i stort møterom)

11:30 – 13:00 Fagtema: Trekkområde i Breiddalen, Rv 15 og nye tunellar v/Rolf Arne Hamre, SVV. Det blir synfaring på strekningen Grotli – Geirangerkrysset (kanskje felles transport med buss)

13:00 – 14:00 Lunch (felles med villreinutvalet)

14:00 - 14:30 Fagtema forts (i stort møterom)

14:30 – 16:00 Møte forts. saman med villreinutvalet i stort møterom eller separat i lite møterom avhengig av sakliste.

## Innhald

3. Godkjenning og innkalling av sakliste .....	3
4. Årsmelding og rekneskap for 2022 .....	3
5. Budsjett 2023.....	6
6. Tvist om rettigheitstilhøva i vald nr 6 Nedre Rødal .....	7
7. Villreinnrådet - fagdag den 31. mai – 1. juni, Beitostølen resort.....	14
8. CWD-kartlegging .....	16
9. Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen lyser ut middel til villreintiltak.....	16
10. Kvote 2023 og tildeling av fellingsløyve .....	18
11. Høyring – revidering av handlingsprogram for regional plan for Ottadalsområdet .....	22
12. Invitasjon til innspelsmøte om stortingsmelding om villrein.....	25

13. Orienterings og drøftingssak: Felles søknad om uttak av villrein i tamreinområdet i deler av Leir- og Bøverdalen statsallmenning i Lom kommune .....	29
14. Referatsaker.....	30
14.1. Omsyn til villrein i samband med øving i regi av Dombås - Brennhaug - Lesja Røde Kors Hjelpekorps - høyringsuttale (Sak 1-23) .....	30
14.2. Høyringsuttale - øvingsplan for Skjåk Røde Kors Hjelpekorps i perioda 2023-2027 (Sak 2-23). Svar sendt 21.02.23. ....	32
15. Neste møte i nemnda .....	34
16. Eventuelt.....	35

## **Sakliste:**

### **3. Godkjenning og innkalling av sakliste**

<b>Innstilling:</b>	Ingen merknader til innkalling og sakliste.
<b>Behandling:</b>	Samrøystes med tillegg om to orienterings saker til eventuelt: Val til villreinrådet og ombygging av Pyttbua.
<b>Vedtak:</b>	Ingen merknader til innkalling og sakliste.

### **4. Årsmelding og rekneskap for 2022**

#### **Møte**

Nemnda hadde 3 møte i 2022:

1. Årsmøte Stranda 29.-30. april.
2. Møte på Hjerkinns ved Norsk villreinsenter Nord 4. juli.
3. Møte i Bismo 21. november (fleire deltok digitalt).

Skrantejuka (CWD): Det var lagt opp til omfattande prøvetaking av CWD-prøver av all villrein eldre enn eit år som vart felt under jakt. I vårt område var det ei kvote på 1065 dyr, fordelt på 426 kalv og 639 vaksne dyr. Det vart felt 447 vaksne dyr. Av desse vart det innsendt 304 CWD-prøver. 21 vart ikkje analysert (bl.a. hadde 12 uegna materiale), 283 vart analysert, alle desse var negative. Året før ble det sendt inn 370 CWD-prøver, da var det felt 566 vaksne dyr. Alle valda fekk tilsendt prøvetakingsutstyr direkte frå Veterinærinstituttet. (Tala for 2021 og 2022 er henta frå hjorteviltregisteret medan tala i tidlegare år har vore henta frå overvåkingsrapporten til Veterinærinstituttet. Det kan sjå ut til at tala frå Veterinærinstituttet inkluderer ein del prøver som ikkje er fanga opp i hjorteviltregisteret. Det er derfor truleg at talet på innsendte CWD-prøver er noko større enn 304).

Nemnda var representert ved Randi Rust, Jon Sjugard, Ingunn Svelle Heinåli, Pål Grev, Eli Hansen Moen, John Helge Larsen, Johan Berge, Frode Faksvåg, Steinar Aanning og sekretær på fagdag i regi av villreinrådet på Spidsbergseter frå 1.-2. juni. Villreinrådet er ein frivillig organisasjon for villreinnemnder og villreinutval. Randi Rust vart vald inn som styremedlem i villreinrådet i 2019.

Sekretær deltok på evalueringsmøte for utval og oppsyn etter jakta.

#### **Saker**

Nemnda handsama 30 saker (inkludert referatsaker) i løpet av året.

#### **Sekretariatet**

Sekretariatet for villreinnemnda har frå 01.01.2009 kjøpt teneste av Skjåk kommune. Kjøp av tenester er heimla i kontrakt (frå 2016) inngått mellom Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Skjåk kommune.

#### **Villreinområdet gjennom året**

Bruken av arealet innan villreinområdet er den største utfordringa gjennom året. Villreinen er arealkrevjande og sårbar for forstyrring. I fleire saker er det viktig å bidra til å minimere konsekvensane av ulike inngrep. Leveområda er kontinuerleg pressa frå fleire hald. Nemnda blir i stadig større grad invitert med i planlegging av ulike aktivitetar. Det er ei gledeleg utvikling, det er mykje enklare å få teke omsyn til villrein om ein deltek i planleggingsprosessen kontra å kome med innspel etter at planane er lagt.

### **Økonomi**

Nemnda vart løyvd kr 300.000,- frå Miljødirektoratet i 2022, det same som året før. Frå før hadde vi eit forskot på sekretærarbeid på kr 221.819,- Reelt hadde vi altså kr 521.819,- til disposisjon i 2022.

Midla blir overført frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal som fører rekneskap for villreinnemnda. I 2022 vart utgiftene til drift ein del større enn tildelinga, underskotet vart på kr 68.915,- Villreinnemnda får berre middel til drift eit og eit år. Rekningar som det ikkje er dekning for blir derfor utbetalt fyrst året etter.

I dei tre siste åra har nemnda fått noko mindre tildeling enn det vi har brukt. Men sidan nemnda har fått forskot på sekretærfunksjonen tidlegare har vi likevel økonomi til å kunne gjennomføre tilstrekkeleg møteaktivitet. Så lenge vi har att ein del oppsparte middel er tildelinga tilstrekkeleg, men den må snart opp att på eit høgare nivå. I t.d. 2019 fekk nemnda tildelt kr 450.000,- til drift. Altså eit betydeleg større beløp enn det vi har fått dei siste åra.

**Tabell 1 – rekneskap 2022 og budsjett 2023**

Konto	Forklaring rekneskap	Inntekter Regn 2022	Inntekter Budsj 2023	Forklaring budsjett
			kr 90 156	Forskot sekretær frå 2017
			kr 40 555	Forskot sekretær frå 2018
			kr 110 939	Forskot sekretær frå 2019
			kr 9 831	Forskot sekretær frå 2020
			-kr 16 136	Underskot (rest) frå 2020
			-kr 13 525	Underskot (rest) frå 2021
			-kr 54 090	Underskot (rest) frå 2022
			-kr 15 916	Utgifter frå 2022 ført i 2023
<b>235</b>	<b>Rame frå Miljødirektoratet</b>	<b>kr 300 000</b>	<b>kr 300 000</b>	<b>Rame frå Miljødirektoratet</b>
			<b>kr 451 813</b>	<b>Sum middel til disposisjon i 2023</b>

Konto	Forklaring rekneskap	Kostnader	Kostnader	Forklaring budsjett
5300	Løn og godtgjersle styre, råd og utvalg	kr 143 097	kr 150 000	Om lag same nivå som i fjor
	Ekstrakostnader leiar		kr 10 000	
5330	Honorarer		kr 10 000	Innleige av kjentmenn, føredragshaldar
5400	Arbeidsgiveravgift	kr 20 627	kr 22 560	14,1% av møtgodtgjersle
5990	Annen personalkostnad	kr 3 397		
<b>5</b>	<b>Sum løn og godtgjersle</b>	<b>kr 167 121</b>	<b>kr 192 560</b>	
6450	Leige av bilar (minibuss til årsmøte)	kr 2 758		
6780	Tenestekjøp sekretær 2022 (464,24 kr/t x 202,5 t). Fekk dekt 39918,- av SFMR og dekt 54090,- av restmiddel i Skjåk kommune	kr 94 009	kr 99 400	497 kr/t x 200 t
6780	Stempling kontrollkort - villreinutvalet	kr 5 000	kr 5 000	
6840	Trykksaker (bladet villreinen)	kr 2 344	kr 2 400	Trykksaker (bladet villreinen)
6860	Møter eksterne, leige av møtelokale, kost og losji	kr 25 881	kr 30 000	
6861	Fagdag villreinrådet	kr 25 466	kr 30 000	
<b>6</b>	<b>Tenester</b>	<b>kr 155 458</b>	<b>kr 166 800</b>	
7100	Bilgodtgjering, oppgavepliktig	kr 24 477	kr 30 000	
7132	Reisekostnad, ikkje oppgavepliktig	kr 830		
7150	Dietskostnad, oppgavepliktig	kr 1 547		
7400	Kontingent villreinrådet	kr 3 566	kr 3 566	
<b>7</b>	<b>Reise</b>	<b>kr 30 420</b>	<b>kr 33 566</b>	
	Utgifter frå 2022 ført i 2023	kr 15 916		
	<b>Sum</b>	<b>kr 368 915</b>	<b>kr 392 926</b>	
	<b>Resultat</b>	<b>-kr 68 915</b>	<b>-kr 92 926</b>	
	Restbeløp attståande hjå Statsforvaltaren i M&R	-kr 1 091		
	Restbeløp dekt av tidlegare forskot til Skjåk kommune	kr 54 090		
	Utgifter frå 2022 ført i 2023	kr 15 916		
	Sum	kr 68 915		

**Innstilling:** Årsmelding og rekneskap - godkjent.  
**Behandling:** Samrøystes.  
**Vedtak:** Årsmelding og rekneskap - godkjent.

## 5. Budsjett 2023

Nemnda har motteke kr 300.000,- til drift i 2023. I tillegg har Skjåk kommune att eit forskot frå tidlegare på kr 151.813,- Reelt har derfor nemnda kr 451.813,- til sitt arbeid dette året.

Den kritiske faktoren for nemnda sin økonomi er talet på møte. Nemnda meiner at skal vi klare å oppfylle den rolle som det er skissert at nemnda skal ha, bør det avviklast tre-fire møte i året og i tillegg møte i arbeidsutvalet ved behov. I 2023 bør vi få til omlag tilsvarende møteaktivitet som i 2022. Nemnda ynskjer å vere aktiv i forhold til arealplanlegginga i den enkelte kommune. Nemnda vil og vere aktiv overfor villreinutvalet og avviklar også i dag fleire møte i året saman med dei.

Ein del av møta i nemnda bør vera med overnatting. Det gjer at nemnda kan kombinere møteverksemda med synfaringar noko som er svært nyttig. Villreinområdet er stort og det er vanskeleg å ha oversikt, derfor er det nytting med synfaringar for medlemmane. Det gjer og at ein kan leggje opp synfaringar som inkluderer saker som skal bli behandla.

Det er truleg aktuelt å delta på fagdagen på Beitostølen for fleire av medlemmane i nemnda. Sjølv om koronasituasjonen ikkje lengre påverkar, kan det vere aktuelt å kombinere fysiske og digitale møte igjennom året.

<b>Innstilling:</b>	Legge opp til eit budsjett som sikrar nemnda tilfredsstillande aktivitet innanfor dei økonomiske ramane vi har.
<b>Behandling:</b>	Samrøystes.
<b>Vedtak:</b>	Legge opp til eit budsjett som sikrar nemnda tilfredsstillande aktivitet innanfor dei økonomiske ramane vi har.

## 6. Tvist om rettighetstilhøva i vald nr 6 Nedre Rødal

Nemnda behandla denne saka på møte på Hjerkin 4. juli i fjor. I vedtaket bad nemnda om dokumentasjon på rettighetstilhøva og om kven som skal fungere som valdansvarleg representant, innan 1. mars 2023. Saka med vedtaket frå i fjor er limt inn under:

### 14-22 Tvist om rettighetstilhøva i vald nr 6 Nedre Rødal

Villreinnemnda har motteke brev (vedlagt) frå advokat Ingvar Seth som representerer ein av grunneigarane i vald nr 6: DNT Sunnmøre. Dei skriv at det er tvist om rettighetstilhøve og fordeling av fellingsrettar på villrein i valdet Nedre Rødal. På den bakgrunn ber dei om at jakta blir stengt omgåande og at det ikkje blir sendt ut nye jaktkort før rettighetstilhøva er avklart. Saka om rettighet og tomtetilhøve skal opp i jordskifteretten i løpet av hausten. Advokaten til DNT Sunnmøre skriv at det kan vera aktuelt å legge problemstillinga om jakt inn som ein del av saka for jordskifteretten.

Villreinnemnda fekk melding på e-post frå Jan Erik Dale den 19.08.15 om at han hadde teke over som valdansvarleg representant for valdet Nedre Rødal og kommunikasjon mellom villreinnemnda og valdet har sidan denne datoen vore sendt til Dale.

I kommentarutgåva til hjorteviltforskrifta er det skrive fylgjande om valdansvarleg representant (§ 24):

**Valdansvarlig representant**  
Valdansvarlig representant skal være jaktrettshavernes kontaktperson overfor myndighetene i saker som angår valdet, eksempelvis utsending av fellingstillatelse, rapportering av fellingsresultat og andre pålegg fra forvaltningsmyndighetene. Valdansvarlig representant er ikke ansvarlig overfor myndighetene med hensyn til selve jaktutøvelsen. Den enkelte jeger er formelt ansvarlig for egne handlinger.

Utsending av villreinkort har sidan 2016 vore sendt til Jan Erik Dale. Nedre Rødal har fått desse tildelingane:

År	Kvote totalt	Fritt dyr	Bukk <50kg	Si./B<40kg	Kalv
2016	5	1	0	2	2
2017	5	1	0	2	2
2018	7	2	0	2	3
2019	5	1	0	2	2
2020	4	1	0	1	2
2021	5	1	0	2	2
2022	5	1	0	2	2

Ikkje delt ut enno

Tvist om rettighetsforholdene er grunn for å nekte godkjenning eller trekke tilbake en godkjenning. Dersom rettighetsforhold som har betydning for godkjenningen av valdet er uklare, kan villreinnemnda til enhver tid på året trekke godkjenningen av hele eller deler av valdet ved et enkeltvedtak, og samtidig be om at det fremmes ny søknad. Dette skal gjøres av hensyn til enkeltgrunneieres rettsikkerhet. Et slikt krav må ha en klar saklig begrunnelse. Dette kan gjelde grensetvister, tvister om jaktrettigheter i sameie og lignende. Avklaring på slike rettighetsforhold må gjøres av partene selv eller av rettsvesenet. Jordskifteretten kan i en bruksordning for jakta fastslå hvem som har rettigheter i området og størrelsen på den enkeltes andel.

Dale har i e-post til villreinnemnda 24.06.22 gjort greie for sitt syn på rettighetstilhøva om jakt i vald nr. 6 (vedlagt).

Avklaring på rettighetstilhøva må bli gjort av partane sjølv eller av rettsvesenet. Dette er noko villreinnemnda ikkje kan ta stilling til. Det er ikkje framsett spørsmål ved grensene til valdet i denne saka og samla tildeling av fellingsløyve til valdet er ikkje omtvista.

Villreinnemnda har heimel til å kunne trekke tilbake godkjenninga av villreinvaldet til ein kvar tid, jf § 26 i hjorteviltforskrifta. Villreinnemnda vil gjennom eit eventuelt vedtak om å trekke godkjenninga av valdet tilbake stoppe jakta for valdet komande haust. Dei fem fellingsløyva for i haust vil i så fall ikkje bli delt ut.

Normalt blir kvote i villreinområdet fastsett i slutten av april. Det er uheldig om det etter dette blir endringar i godkjente vald som gjer at ein ikkje får delt ut fellingsløyva. Av den grunn er det mellom anna satt ulike tidsfristar for melding om endringar i valdet eller utmelding av eigedomar frå eit vald, jf § 26:

Jaktrettshaver som ønsker å trekke seg ut av et godkjent eller omsøkt vald, skal melde dette skriftlig til valdansvarlig representant med kopi til villreinnemnda senest 1. mars. Utmelding krever underskrift fra den eller de som lovlig representerer eiendommen.

Dersom valdets grenser, eiendomsforhold eller tellende areal endres, skal valdansvarlig representant melde endringene skriftlig til villreinnemnda innen 1. april for ny godkjenning.

# Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Evt negativ effekt på bestandstilhøva vil vera større om godkjenning blir trekt tilbake frå eit stort vald, men prinsippa for handsaming bør vera lik uavhengig av storleiken på valda.

Ut i frå tilsendte brev frå både Seth og Dale går det fram at det ikkje har skjedd endringar i løpet av den siste tida (siste året). Det bør derfor vera tid til å jobbe med rettighetstilhøva frå perioden etter jakta i år og fram mot våren til neste år slik at ein har forutsigbare ramer før kvotetildeling for neste år. Nemnda ynskjer oppdatering på om ein har kome fram til ein ny avtale i løpet av neste vinter og vil eventuelt gjere ei ny vurdering av valdet før kvotetildeling for 2023.

Det bør vera relativt høg terskel for å trekke godkjenninga av eit vald tilbake. Usemje mellom jaktrettshaverane er ikkje uvanleg i mange vald, men situasjonen skal vera ganske fastlåst før ein trekker godkjenninga av eit vald tilbake.

**Innstilling:** Avklaring på rettighetstilhøva må bli gjort av partane sjølv eller av rettsvesenet. Det er ikkje framsett spørsmål ved grensene til valdet i denne saka og samla tildeling av fellingsløyve til valdet er ikkje omtvista. Nemnda registrerer at det er tvist om jaktrettar og meiner at det bør vera tid til å jobbe med rettighetstilhøva frå perioden etter jakta i år og fram mot våren til neste år slik at ein har forutsigbare ramer før kvotetildeling for neste år. Normalt blir kvote i villreinområdet fastsett i slutten av april. Det er uheldig om det etter dette blir endingar i godkjente vald som gjer at ein ikkje får delt ut fellingsløyva. Evt negativ effekt på bestandstilhøva vil vera større om godkjenning blir trekt tilbake frå eit stort vald, men prinsippa for handsaming bør vera lik uavhengig av storleiken på valda. Nemnda ynskjer oppdatering på om ein har kome fram til ein ny avtale i løpet av neste vinter og vil eventuelt gjere ei ny vurdering av valdet før kvotetildeling for 2023.

**Behandling:** Forslag frå Eli Hansen Moen om at vi ber om protokoll / møtebok frå alle vald som syner kven som har rolla som valdansvarleg representant.

**Vedtak:** Avklaring på rettighetstilhøva må bli gjort av partane sjølv eller av rettsvesenet. Det er ikkje framsett spørsmål ved grensene til valdet i denne saka og samla tildeling av fellingsløyve til valdet er ikkje omtvista. Nemnda registrerer at det er tvist om jaktrettar og meiner at det bør vera tid til å jobbe med rettighetstilhøva frå perioden etter jakta i år og fram mot våren til neste år slik at ein har forutsigbare ramer før kvotetildeling for neste år. Normalt blir kvote i villreinområdet fastsett i slutten av april. Det er uheldig om det etter dette blir endingar i godkjente vald som gjer at ein ikkje får delt ut fellingsløyva. Evt negativ effekt på bestandstilhøva vil vera større om godkjenning blir trekt tilbake frå eit stort vald, men prinsippa for handsaming bør vera lik uavhengig av storleiken på valda.

Nemnda ber om dokumentasjon frå valdet om dei har kome fram til ei ny avtale om rettighetstilhøva innan 1. mars 2023. Vi ber samtidig om dokumentasjon på kven som skal fungere som valdansvarleg representant, innan same dato.

Dersom nemnda ikkje har motteke dokumentasjonen innan fristen, vil nemnda vurdere å trekke godkjenninga av valdet tilbake før kvotetildeling for 2023.

**Heimel:** Hjorteviltforskrifta § 26.

Nemnda sendte den 22. mars påminning til vald nr 6 Nedre Rødal v/Dale, Håskjold og Seth om tilbakemelding på evt avklaring rundt rettighetstilhøva i valdet. E-post med svar frå Dale er limt inn under. Svaret frå Seth ligg som vedlegg (pdf).

# Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

10

**Fra:** Jan Erik Dale <jan.erik.dale@finicon.no>

**Sendt:** 22. mars 2023 16:14

**Til:** Taraldsrud, Tor <tor.taraldsrud@skjaak.kommune.no>

**Kopi:** 'jorn@haskjold.no' <jorn@haskjold.no>; Geir Jonny Aardal <geir@fiskevegn.no>;

Runar Tafjord <tafhorn@me.com>; Johan Berge (johan.j.berge@gmail.com)

<johan.j.berge@gmail.com>; post@villreinutvalet.no

**Emne:** RE: Vedtak i sak 14-22 Tvist om rettighetstilhøva i vald nr 6 Nedre Rødal

Dette er å regne som avklart ja sett fra et rettighetsperspektiv og ditt spørsmål. Det er slik som jeg sendte dere sist sommer, og nå har jordskifteretten også fastslått dette i sin dom.

- Jaktrett har ikke vært omtvistet på noe tidspunkt, og den følger eierandelene på Gård 40 i Fjord Kommune – Nedste Rødal.
- Eierandelene er ihht dom i sak 17-109975REN-JMOR/JORS RØDAL NEDRE ved dommer Asbjørn Rogne datert 29.9.2022:

(Utklipp av domsslutning. Er også et offentlig tilgjengelig dokument)

Slutning																
1.	Med unntak av dei to områda ved Reindalsmyra/Tangen og Storhaugen, som ved utskiftinga slutta den 11.07.1893 vart utskift til full eigedom, ligg grunnretten i utmarka under gnr. 40, Rødal nedre, i sameige mellom følgjande eigedomar, og etter følgjande fordeling:															
	<table border="1"><thead><tr><th>Gnr.</th><th>Bnr.</th><th>Del (%)</th></tr></thead><tbody><tr><td rowspan="5">40</td><td>1</td><td>25,0</td></tr><tr><td>2</td><td>25,0</td></tr><tr><td>6</td><td>25,0</td></tr><tr><td>8</td><td>12,5</td></tr><tr><td>9</td><td>12,5</td></tr></tbody></table>	Gnr.	Bnr.	Del (%)	40	1	25,0	2	25,0	6	25,0	8	12,5	9	12,5	
Gnr.	Bnr.	Del (%)														
40	1	25,0														
	2	25,0														
	6	25,0														
	8	12,5														
	9	12,5														
2.	Jaktretten følger grunneigedomretten, og ligg i sameige i den felles utmarka til gnr. 40, Rødal nedre, med same eigardel som angitt i pkt. 1 i slutninga.															

I henhold til utkast til vedtekter for grunneierlag for eiendommen så ser da eierforholdene slik ut (med påført navn for dagens eiere):

#### § 4 Medeigarskap og partshøve

Medeigarskapet\* i laget er i samsvar med eigedomane sitt partshøve i utmarka, og er

Gnr.	Bnr.	Eigar (pr. dato)	Partshøve (%)	Andelar
40	1	Jan Erik Dale	25,0	2
	2	DNT Sunnmøre	25,0	2
	6	Geir Jonny Aardal	25,0	2
	8	Runar Tafjord Stein Erik Tafjord Terje Tafjord	12,5	1
	9	Jan Erik Dale	12,5	1
		Sum	100,0	8

Bruk 1,6,9 med grunneiere Jan Erik Dale og Geir Jonny Aardal har stemt for å videreføre dagens ordning med valdansvarlig – Jan Erik Dale. Dette representerer 63%

# Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

11

av gårdens rettighetsforhold.  
Ref vedlagt epost under.

For øvrig: Jørn Håskjold ble 19.10.22 i epost invitert til snarlig møte for å diskutere hvordan videreføre ulike forhold inklusive jakt. Hans svar i epost samme dag var at han ikke ønsket en slik dialog på daværende tidspunkt og ville komme tilbake til dette senere. Han er også påmint dette i ettertid. Den videre diskusjon om hvordan vi innretter oss innenfor valdet tar vi når alle partene er klar for dette.

Rettighetshavere Geir Jonny Aardal og Runar Tafjord er kopiert inn i svaret.  
Ingvar Seth er fjernet, for han er ikke rettighetshaver eller part i dette.

Med vennlig hilsen

Jan Erik Dale

Jan Erik Dale  
[jan.erik.dale@finicon.no](mailto:jan.erik.dale@finicon.no)  
Mobile phone: (+47) 90018565  
Skype [sip:jan.erik.dale@finicon.no](skype:sip:jan.erik.dale@finicon.no)

Kopi av mottatt epost fra Geir Årdal:

**From:** Geir Jonny Aardal <[geir@fiskevegn.no](mailto:geir@fiskevegn.no)>  
**Sent:** onsdag 22. mars 2023 14:57  
**To:** Jan Erik Dale <[jan.erik.dale@finicon.no](mailto:jan.erik.dale@finicon.no)>  
**Subject:** SV: Vedtak i sak 14-22 Tvist om rettighetstilhøva i vald nr 6 Nedre Rødal

Eg **Geir Jonny Aardal** f. 01.04.1965, som eigar av bruk nr 40 gard nr 6 i Fjord Kommune, stemmer for at Jan Erik Dale som er innmeldt som dagens valdansvarlig, fortsetter med dette.

Mvh  
Geir Jonny Aardal.

Nemnda har også motteke ein e-post frå jordskifterettsleiar i Møre- og Romsdal jordskifterett, Asbjørn Rogne. Kopi av domsslutninga var med e-posten og er vedlagt denne saka.

**Fra:** Rogne, Asbjørn <[Asbjorn.Rogne@domstol.no](mailto:Asbjorn.Rogne@domstol.no)> **På vegne av** Møre og Romsdal jordskifterett (postmottak)  
**Sendt:** 31. mars 2023 14:47  
**Til:** Taraldsrud, Tor <[tor.taraldsrud@skjaak.kommune.no](mailto:tor.taraldsrud@skjaak.kommune.no)>  
**Emne:** SV: Domsslutning - 17-109975REN-JMOR/JORS RØDAL NEDRE

Hei

Viser til e-post under, og til telefonsamtale i dag med underteikna.

Vedlagt følger domsavgjerd om rettsforholda i utmarka under Rødal nedre i Fjord kommune frå den aktuelle saka.

Ein kan nemne at domsavgjerdja vart anka så langt det galdt avgjerda om sakskostnader, jf. pkt. 3 i domsslutninga på side 25. Lagmannsretten oppheva jordskifteretten si avgjerd, og retten må fatte ny avgjerd.

Dette har derimot ikkje verknad for rettsforholda som no er rettskraftig avgjort slik det går fram av pkt. 1 og 2 i domsslutninga.

Jordskiftesaka er ikkje avslutta, og ein arbeider for tida med forslag til bruksordningsreglar/vedtekter for sameiga som skal gi reglar for korleis grunneigarane skal organisere og forvalte rettane på best mogleg måte seg i mellom. Utøvinga av jakt og fiske er element som inngår i desse drøftingane. Retten kan på noverande tidspunkt ikkje seie noko om når saka vil bli avslutta og når ei bruksordning vil bli rettskraftig.

Dette til orientering.

Med helsing

**Asbjørn Rogne**

jordskifterettsleiar

Møre og Romsdal jordskifterett

Telefon +47 70 33 37 50

[Møre og Romsdal jordskifterett](#)

## Vurdering:

Villreinnemnda har heimel til å kunne trekke tilbake godkjenninga av villreinvaldet til ein kvar tid, jf § 26 i hjorteviltforskrifta dersom det er tvist om rettsforholda. Villreinnemnda vil gjennom eit eventuelt vedtak om å trekke godkjenninga av valdet tilbake stoppe jakta.

DNT-Sunnmøre v/Seth skriv i sitt svarbrev til villreinnemnda at valdet ikkje bør få tildelt jaktløyver på villrein før grunneigarane har fått på plass ei omforent avtale.

Rettsforholda er rettskraftig avgjort jf domsslutninga i jordskifteretten og er slik det går fram av tabellen under:

Gnr.	Bnr.	Del (%)
40	1	25,0
	2	25,0
	6	25,0
	8	12,5
	9	12,5

Jordskiftesaka er ikkje avslutta og det blir framleis arbeidd med forslag til bruksordningsreglar/vedtekter for sameiga. Nemnda vil understreke at det er viktig for samhaldet og stabiliteten i alle vald at verdien av jaktrettane blir fordelt på rett måte. Men avklaring av bruksordningsreglar må bli gjort av partane sjølv eller av rettsvesenet. Dette er noko villreinnemnda ikkje kan ta stilling til.

Ved søknad om godkjenning av eit sameige som eit nytt vald, er normalt fleirtalsvedtak tilstrekkeleg for innmelding av ein eigedom (jf hjorteviltforskrifta § 25). Dette kan truleg og fungere som rettesnor for val av valdansvarleg representant for mange sameige, men det kan

# Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

13

også bli laga andre reglar for dette gjennom ei bruksordning. Fram til bruksordninga for dette valdet er klart er det truleg rett av villreinnemnda å forholde seg til fleirtalet i valdet og den fleirtalet vel å ha som valdansvarleg representant.

**Innstilling:** Villreinnemnda legg domsslutninga frå jordskifteretten til grunn og meiner rettsforholda for vald nr 6 Nedre Rødal er avklart. Fram til ei bruksordning er avklart vil nemnda forholde seg til fleirtalet i valdet og den fleirtalet vel å ha som valdansvarleg representant.

Heimel: Hjorteviltforskrifta § 26.

**Behandling:** Samrøystes.

**Vedtak:** Villreinnemnda legg domsslutninga frå jordskifteretten til grunn og meiner rettsforholda for vald nr 6 Nedre Rødal er avklart. Fram til ei bruksordning er avklart vil nemnda forholde seg til fleirtalet i valdet og den fleirtalet vel å ha som valdansvarleg representant.

Heimel: Hjorteviltforskrifta § 26.

## 7. Villreinrådet - fagdag den 31. mai – 1. juni, Beitostølen resort

Landsmøte frå 10-12. Fagdagen startar kl 13 (etter lunch). Saksa frå e-post frå sekretær i villreinrådet:

*Styret i Villreinrådet har gleden av å invitere villreinnemnder og villreinutvalg til årets fagdag fra 31. mai – 1. juni (fra lunsj til lunsj), samt Villreinrådets landsmøte (kun for nemnder og utvalg), før lunsj den 31. mai. Samlingen holdes på Beitostølen Resort. Fagdagen er åpen for alle, mens nemnder og utvalg inviteres til Villreinrådets landsmøte. Det ligger derfor vedlagt to programmer - og nemnder og utvalg får tilsendt begge. Foreløpig sakliste for landsmøtet vil dere se av programmet for landsmøtet. Det er anledning til å spille inn saker til landsmøtet dersom dere ønsker det. Send meg i så fall en e-post om det og helst i god tid før møtet. møtepapirene og med innstilling fra styret sendes også ut i god tid før landsmøtet.*

*På fagdagen vil det være informasjon og foredrag om dagsaktuelle saker som for eksempel ny stortingsmelding om villrein, Vemund Jaren vil se fremover og spør den europeiske villreinen har en fremtid, vi har utfordret leder i Norske Reindrifsamers Landsforbund om felles utfordringer og løsninger, går det an å leve med skrantesyke? Og flere andre foredrag blir det. Vedlagt program er et utkast og vil nok justeres noe. Så dette tror jeg blir en fin samling.*

*Total kostnad (inkludert fullpensjon en overnatting, tre-retters middag m. vin, to lunsj mv.) kommer på rundt 3 500,-. Pris for dagpakke har vi fått til 599,-. Det er også mulig å få dagpakke samt middag men uten overnatting. Kommer dere kvelden før (med overnatting også fra den 30. mai – 31. mai) så blir det et tillegg i prisen 1199,- for en ekstra overnatting og 449 for evt. en ekstra middag.*

*Påmelding er til meg (e-post) og påmeldingsfrist settes til 1. mai, men jeg vil anbefale alle å melde seg på godt før det. Jeg trenger navn, nummer og e-postadresse til alle som meldes på. Er det noen spesielle mathensyn som må tas, så si ifra om det.*

*Nb. Invitasjonen sendes ut i flere omganger, og har dere deltatt tidligere, så får dere nok enda en invitasjon til fagdagen i en ny e-post senere.*

*Og så en veldig viktig ting: Husk å videresende invitasjonen til resten av nemnda/utvalget + alle dere kan tenke dere å være interessert.*

*Ellers så ønsker vi alle dere en fin vår og så håper vi at vi sees på Beitostølen.*

*Hilsen Christian Hillmann, sekr., tlf 90152571*

**Innstilling:** Det blir opna for at dei faste medlemmane i nemnda kan melde seg på fagdagen.

**Behandling:** Fleire medlemmar poengterte at deltaking på fagdagen er ein god måte å skaffe meir kunnskap om villrein og villreinforvaltning.

Deltaking er aktuelt for desse personane:

Pål Grev

Frode Faksvåg (kan truleg)

John Helge Larsen kan ikkje

Jon Sjurgard (kan truleg)

Randi Rust (deltar via rådet)

Liv Enstad kan ikkje

Eli Hansen Moen (skal sjekke nærmare)

Ingunn Svelle Heinåli (usikkert, men skal sjekke)

# Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

15

Johan Berge (blir med, med atterhald)  
Steinar Aanning – blir kontakta nærmare  
Frist tilbakemelding fredag 28. april på deltaking.  
Samrøystes.

**Vedtak:** Det blir opna for at dei faste medlemmane i nemnda kan melde seg på fagdagen.

## 8. CWD-kartlegging

I haust skal det bli teke CWD-prøve av all villrein felt under jakt som er eit år og eldre, på same vis som dei fem siste åra (denne type prøvetaking starta hausten 2018, CWD vart oppdaga i Nordfjella i mars 2016). Villreinnemnda har ansvar for bestilling og utdeling av prøvetakingsutstyr til valdansvarleg representant som skal levere det vidare til jegerane. Mange av jegerane begynner truleg å få godt tak på prøvetaking og er godt kjent med problematikken rundt CWD.

- Innstilling:** Sørge for utdeling av prøvetakingsutstyr til valdansvarleg representant som fordelar vidare til jegerar.
- Behandling:** Samrøystes
- Vedtak:** Sørge for utdeling av prøvetakingsutstyr til valdansvarleg representant som fordelar vidare til jegerar.

## 9. Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen lyser ut middel til villreintiltak

Villreinnemnda har kr 178.570,- til utdeling i 2023

Villreinnemnda lyser ut middel til villreintiltak med søknadsfrist 15.06.23.

Tilskot til villreintiltak er innbetalte fellingsavgifter for villreinjakt som blir ført tilbake til det einskilde villreinområde. Middel kan bli brukt til tiltak som:

1. Styrker forvaltninga av villreinstamma.
  2. Styrker kunnskapen om villreinen sin arealbruk i både nåtid og fortid.
  3. Fremmar befolkninga sin forståing og kunnskap om villreinen sin bruk av fjellområda.
- Søknad skal innehalde målsetting og beskriving av tiltaket, budsjett (kostnadar og finansiering) og tidsramme for gjennomføring, namn og kontonummer til søker.

Send søknaden til:

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Moavegen 30

2690 Skjåk

[tor.taraldsrud@skjaak.kommune.no](mailto:tor.taraldsrud@skjaak.kommune.no)

- Innstilling:** Pressemeldinga over blir sendt ut til: Alle kommunar innan villreinområdet, Fjuken, GD, Vigga, Fjordingen, Norddalen, Sunnmøringen, Storfjordnytt, Åndalsnes avis, Sogn avis, Romsdals Budstikke, villrein.no
- Behandling:** Legge opp til å marknadsføre til nokre fleire, mellom anna alle kommunane i villreinområdet og nettavisa porten. Bør også bli lagt ved eit bilete som kan bli brukt i pressemeldinga.
- Samrøystes

# Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

17

**Vedtak:** Pressemeldinga over blir sendt ut til: Alle kommunar innan villreinområdet, Fjuken, GD, Vigga, Fjordingen, Norddalen, Sunnmøringen, Storfjordnytt, Åndalsnes avis, Sogn avis, Romsdals Budstikke, porten.no, villrein.no. Bør også bli lagt ved eit bilete som kan bli brukt i pressemeldinga.

## 10. Kvote 2023 og tildeling av fellingsløyve

Villreinnemnda vurderer kvotesøknad på bakgrunn av bestandsplan, teljing av vinterstamme og årleg kvotesøknad frå villreinutvalet. Det er søkt om 1300 fellingsløyve.

**Reinheimen:** Det var gjennomført minimumsteljing med helikopter 2. februar. Da var vinterstamma i Reinheimen telt til 2012 dyr mot 1966 i fjor (målsetting: 1800-1900). Kvoteforslag på nord var fyrst sett til 900 dyr. I mars ble det observert om lag 100 dyr i området ved Herrahøa (vest for Asbjørnsdalen på Lesja). Disse dyra var truleg ikkje observert i samband med minimumsteljinga i februar. Kvoteforslaget vart auka til 950 dyr. Det er ynskjeleg å få redusert stamma for å oppnå måla i bestandsplanen. Dei siste åra har det vore fallande kondisjon i stamma. Ei noko mindre stamme kan kanskje vera eit positivt bidrag, men fallande kondisjon er mest truleg resultat av fleire faktorar.

Tabell 2

Reinheimen	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	Kommentar 2023
Vinterstamme	2098	1941	2266	2032	1936	2063	1966	2112	Inkl 100 dyr ekstra frå Herrahøa
Tilvekst	355	693	429	413	417	473	611	507	Estimert 24 % kalvetilvekst, snitt siste 10 år
Tilvekst %	17 %	36 %	19 %	20 %	22 %	23 %	31 %	24 %	
Sommarbestand	2453	2634	2695	2445	2353	2536	2577	2619	
Avskyting	512	368	663	509	290	570	465	627	Estimert 66 % felling, snitt siste 10 år
Kvote	725	675	900	700	500	800	800	950	
Fellingsprosent	71 %	55 %	74 %	73 %	58 %	71 %	58 %	66 %	
								1992	etter jakt (mål 1800-1900)

**Breheimen:** Breheimen er delt i to delstammar og har målsetting om ei vinterstamme på 650-750 dyr: På sør-aust var vinterstamma 553 dyr mot 484 i fjor. Ei kvote på 250 dyr vil truleg føre til ein reduksjon av stamma, ned mot 500 dyr. Stamma må vidare ned, men det er lurt å fordele det over fleire år. Det er avgrensa kor mange fellingsløyve området kan ha før det kan bli for tett mellom jegerane og dårleg fellingsprosent.

Tabell 3

Breheimen Sør-Aust	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	Kommentar 2023
Vinterstamme	568	551	550	535	488	510	484	553	
Tilvekst	124	164	127	63	147	99	195	144	Estimert 26 % kalvetilvekst, snitt siste 10 år
Tilvekst %	22 %	30 %	23 %	12 %	30 %	19 %	40 %	26 %	
Sommarbestand	692	715	677	598	635	609	679	697	
Avskyting	141	165	142	110	125	125	126	183	Estimert 73 % felling, snitt siste 10 år
Kvote	185	200	185	171	168	168	200	250	
Fellingsprosent	76 %	83 %	77 %	64 %	74 %	74 %	63 %	73 %	
								514	etter jakt (mål 400-450)

På sør-vest var vinterstamma 330 dyr mot 276 i fjor. Ei kvote på 100 dyr vil truleg føre til ein reduksjon av stamma. Stamma må vidare ned, men som for sør-austområdet er det fornuftig å fordele det over fleire år. Delstamma syner store variasjonar i vinterstamme og tilvekst. Dei er ikkje like enkle å forklare for alle år. Framskrivning av bestanden er derfor mest usikker for dette delområdet.

# Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

19

Tabell 4


Breheimen Sør-Vest	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	Kommentar 2023
Vinterstamme	215	281	230	380	321	290	276	330	
Tilvekst	81	-3	187	46	33	50	97	79	Estimert 24 % kalvetilvekst, snitt siste 10 år
Tilvekst %	38 %	-1 %	81 %	12 %	10 %	17 %	35 %	24 %	
Sommarbestand	296	278	417	426	354	340	373	409	
Avskyting	15	48	37	105	64	64	43	85	Estimert 85 % felling, snitt siste 10 år
Kvote	15	50	40	129	82	82	65	100	
Fellingsprosent	100 %	96 %	93 %	81 %	78 %	78 %	66 %	85 %	
								324	etter jakt (mål 250-300)

I følge § 7 i Naturmangfaldslova skal alle vedtak der ein påverkar naturmangfald bli vurdert etter dei miljørettslege prinsipp - §§ 8–12:

Kunnskapsgrunnlaget er godt med bakgrunn i årlege bestandsregistreringar (§§ 8-9).

Kvotestorleik er forsvarleg (§ 10). §§ 11-12 er ikkje relevant i denne saka.

*Kvotesøknaden frå villreinutvalet vart endra like før påske, kopi er limt inn under:*



- **Kvoteforslag 2023:**

*Reinheimen: 950 jaktkort (inkl. 14 oppsynskort)*

*Breheimen: 350 jaktkort (inkl. 7 oppsynskort)*

*Tot: 1.300 jaktkort (inkl. 21 oppsynskort)*

- **Kortfordeling 2023 (i samsvar med bestandsplan):**

	<u>Reinheimen</u>	<u>Breheimen</u>
<i>Kalv</i>	<i>40 %</i>	<i>40 %</i>
<i>Fritt</i>	<i>25 %</i>	<i>25 %</i>
<i>Bukk u.50 kg</i>	<i>5 %</i>	<i>5 %</i>
<i>Simle/bukk u. 40 kg</i>	<i>30 %</i>	<i>30 %</i>
<i>Sum</i>	<i>100 %</i>	<i>100 %</i>

- **Jakttid 2023**

*20. august (første jaktdag) - 14. september (siste jaktdag).*

*Fellesjakt: som beskrevet i jegerkontrakt 2023*

**Tabell 5: Fordeling av ulike kategoriar kort:**

Korttype	2023
Kalv	40 %
Simle / Bukk u. 40 kg	30 %
Bukk u. 50 kg	5 %
Fritt dyr	25 %

**Tabell 6: Fordeling av kort mellom valda.**

	Kvotepandel	Fordeling
Innlandet	85 %	Fordeling iht areal mellom valda innan Innlandet
Rauma	8 %	Fordeling iht areal innan Rauma
Fjord	5,5 %	Fordeling iht areal innan Fjord
Stranda	1,5 %	Fordeling iht areal innan Stranda
Sum	100 %	
Skjåk	75 %	Eit vald
Stryn	7 %	Eit vald
Luster	18 %	Eit vald
Sum	100 %	

I følgje bestandsplanen kan det bli sett av nokre oppsynskort. For 2023 blir det sett av 14 oppsynskort på nordområdet og 7 på sørområdet. Desse blir teke frå totalkvota og belastar derfor kvart vald likt.

**Innstilling:** Nemnda har fastsett ei samla kvote for heile villreinområdet til 1300 dyr for 2023, fordelt på 950 dyr i Reinheimen, 250 dyr i Breheimen sør-aust og 100 dyr i Breheimen sør-vest. Vald som har gjeve skriftleg tilslutning til bestandsplanen får tildelt fellingsløyve som valfrie dyr. Fordeling av villreinkort på ulike kategoriar skal vere som i tabell 5. Fordeling av villreinkort på ulike vald slik det går fram av tabell 6 jf bestandsplan.

**Behandling:** Tabell 2 vart oppdatert under møtet slik at dei 100 dyra som var sett i Herrahøa i mars og truleg ikkje var med under tellinga i februar, vart inkludert i bestandsvurderinga. Viktig å arbeide med tiltak for auke fellingsprosenten, kondisjonen er fallande og det er viktig å gjere tiltak som kan bidra til å snu utviklinga. Jakta må bli organisert slik at ein kan auke fellingsprosenten og nå bestandsmålet. Lordalen statsallmenning ynsker ikkje å avgi fellingsløyve til oppsynskort. Bestandsplanen opnar for at nokre av fellingsløyvene kan bli gjeve til villreinutvalet som oppsynskort. Dei 21 oppsynskorta i årets forslag utgjer 3,09 fellingsløyve frå Lordalen statsallmenning og blir altså ikkje trekt ut frå tildelinga. Oppsynskorta blir fordelt på dei andre 26 valda. Lordalen statsallmenning vil sjølv betale løn til eige oppsyn og belastar derfor ikkje villreinutvalet med oppsynskostnader. Samrøystes.

**Vedtak:** Nemnda har fastsett ei samla kvote for heile villreinområdet til 1300 dyr for 2023, fordelt på 950 dyr i Reinheimen, 250 dyr i Breheimen sør-aust og 100 dyr i Breheimen sør-vest.

Vald som har gjeve skriftleg tilslutning til bestandsplanen får tildelt fellingsløyve som valfrie dyr.

Fordeling av villreinkort på ulike kategoriar skal vere som i tabell 5.

Fordeling av villreinkort på ulike vald slik det går fram av tabell 6 jf bestandsplan.

Jakta må bli organisert slik at ein kan auke fellingsprosenten og nå bestandsmålet.

Lordalen statsallmenning ynsker ikkje å avgi fellingsløyve til oppsynskort. Bestandsplanen opnar for at nokre av fellingsløyvene kan bli gjeve til villreinutvalet som oppsynskort. Dei 21 oppsynskorta i årets forslag utgjer 3,09 fellingsløyve frå Lordalen statsallmenning og blir altså ikkje trekt ut frå tildelinga. Oppsynskorta blir fordelt på dei andre 26 valda. Lordalen statsallmenning vil sjølv betale løn til eige oppsyn og belastar derfor ikkje villreinutvalet med oppsynskostnader.

## 11. Høyring – revidering av handlingsprogram for regional plan for Ottadalsområdet

I alle dokument i samband med høyringa ligg her: <https://innlandetfylke.no/politikk/du-kan-pavirke/horinger/hoyring-revidering-av-handlingsprogram-for-regional-plan-for-ottadalsområdet.44324.aspx>

Det er skrive høyringsinnspel til dokumenta "Handlingsprogram 2023-2026" og "Fokusområde".

Høyringsbrevet er kopiert inn under.

Det vart halde digitale høyringsseminar 28. mars og 31. mars. Sekretær i nemnda deltok med innlegg på baa.

Saksa frå høyringsbrevet:

*Regional plan for Ottadalsområdet vart utarbeidd etter ei bestilling frå Miljøverndepartementet i april 2007, om å lage regionale planar for dei nasjonale villreinområda. Føremålet var å leggje til rette for ei langsiktig og heilskapleg forvaltning av fjellområde som er særskild viktige for villreinen si framtid i Noreg. Planen skulle fastsette ei langsiktig arealforvaltning som balanserer bruk og vern for desse fjellområda inkludert influensområda. Planen er ikkje ein verneplan, men har som mål å ta omsyn både til framtida for villreinen og samfunnsutviklinga i planområdet. Regional plan vart vedteke av fylkestinget i 2016 etter ein lang og brei prosess.*

*I 2021 starta arbeidet med å revidere handlingsprogrammet. I samsvar med plan- og bygningsloven §8.1 skal det utarbeidast eit handlingsprogram for gjennomføring av den regionale planen, og behovet for rullering skal vurderast årleg. Det opphavelege handlingsprogrammet som var utarbeidd tok i hovudsak for seg dei store trekka om bruk og organisering av regionalplanen. I den regionale planen står det at målet med den første rulleringa er at det vert teke tak i konkrete tiltak som kan leiast ut frå dette første handlingsprogrammet, og at ein da går inn på detaljar og konkrete tiltak.*

*Fylkesutvala i Møre- og Romsdal (27.02.2023), Vestland (08.03.2023) og Innlandet (07.03.2023) fylkeskommunar har alle vedteke å sende utkast til revidert handlingsprogram for regional plan for Ottadalsområdet på høyring i perioden 10.03-10.05.2023.*

*Innspel til planforslaget*

*I høyringsperioden er det eit særleg ønske å få innspel på korleis handlingsprogrammet og tiltak i fokusområda kan bli konkretisert og realisert. Det er ikkje teke stilling til oppstarten eller lengda av tiltaka, og dei er heller ikkje prioriterte.*

*Det blir halde eit digitalt høyringsseminar 28. mars 10-12. Meir informasjon om denne vil komme på nettsidene til fylkeskommunane.*

*Innspel kan sendast på e-post til [post@innlandetfylke.no](mailto:post@innlandetfylke.no) eller per post til Innlandet fylkeskommune, Postboks 4404 Bedriftssenteret, 2325 Hamar. Høyringa er open for alle.*

*Med vennleg helsing*

*Mari Jacobsen Garmo*

*Innlandet fylkeskommune*

## Innstilling:

### 2.1 Oppretting av sekretariat, Ottadalsråd og administrativ faggruppe

Positivt med oppretting av Ottadalsrådet. Viktig at dialogmøtet blir gjennomført årleg.

### 2.3 Villreinnemnda som høyringspart

Hjorteviltforskrifta vart endra i 2016 og denne ordlyden vart fjerna. Men i gjeldande regional plan på side 25 finn ein tilsvarande føringar for å sende arealplan på høyring til villreinnemnda.

Dei generelle retningslinjene gir overordna føringar på ein del område. Dei viktigaste punkta er:

- Ved vurdering av tiltak i planområdet skal det i tillegg til villreinen sine interesser leggast vekt på tiltaket si tyding for nærings- og bygdeutvikling, ivaretaking av natur- og kulturverdiar og ringverknadar for lokalsamfunnet. Det skal leggast vekt på å utvikle berekraftig næringsverksemd basert på det lokale ressursgrunnlaget og regionale fortrinn.
- Tiltak skal vurderast konkret opp mot villreinen sin områdebruk til ulike delar av året. Særleg viktig er vurdering av tiltak som kan påverke kalvingsområde (i mai månad og fyrste halvdel av juni), vinterbeiteområde og trekkvegar.
- Kommunane skal sende alle nye arealplanar, utbyggingsaker og inngrepssaker som kan påverke villreinen sine leveområde og livsvilkår til den regionale villreinnemnda for høyring.
- Nve vegar som aukar moglegheitene for ferdsel inn i sårbare område som kalvingsområde (i

## 3. Ferdsel og kanalisering

Sti- og løypeplanar er viktig å få på plass i alle kommunar. Dette kan bidra til å kanalisere ferdsel vekk frå sårbare område til meir robuste område. Generelt bør stiar og løyper bli lagt utanom eller randsona til villreinområda. Unngå i størst mogleg grad løyper som går på tvers gjennom villreinområda. Kan vera aktuelt å tilrettelegge for attraktive turar utanom villreinområda. Korte "carwalks" og fokus på turistattraksjonar i bygdenære område kan bidra til å halde besøkstrykket nede i meir sentrale delar av villreinområda.

Kommunane i planområde bør ha ein gjennomgang av lokale forskrifter om bandtvang. Det kunne gjerne vore utforma føringar på korleis omsyn til villrein kan bli inkludert i forskriftene. Hundeloven § 6 f gir kommunane heimel til å innføre bandtvang for å beskytte viltet, men denne regelen er stort sett nytta i samband med rådyr / mykje snø. Bandtvang i samband med skiløyper som går i nærleiken av villreinområder kunne vore ynskjeleg, men det er det kanskje ikkje heimel til? Må vel i så fall innføre utvida bandtvang for eit område og ikkje for skiløypa om det er villrein som er grunngevinga for bandtvang? Samstundes ser ein ofte at problemet med lause hundar og villrein har sitt opphav i hundar som har vore med eigaren på skitur og rømt (t.d. skiløyper og lause hunder sør for Grotli).

## 4. Informasjon, formidling og kommunikasjon

God informasjon er utvilsamt eit viktig verktøy. Positivt at det blir oppretta ei arbeidsgruppe med ansvar for informasjon.

### 5.2 Årlege minimumsteljingar

Strukturteljing i sept / okt. Viktig å få på plass gode strukturteljingar. Ved fyrste klassifisering i samband med kvalitetsnormen var ikkje datagrunnlaget godt nok til å vurdere andel eldre ( $\geq 3$  år) bukk per voksen ( $\geq 1$  år) simle for vårt område. Saksa frå NINA-rapport 2126:

NINA Rapport 2126

Områder som peker seg ut med særleg vesentlige mangler i tallgrunnlaget for de senere årene er Reinheimen-Breheimen, Setesdal Austhei og Nordfjella sone 1, men også i andre områder er det ikke gjennomført strukturtellinger hvert år de seneste årene. For Nordfjella sone 1 skyldes

## 6. Samferdel

Innspel til Statens Vegvesen med ynskje om scenarioanalyser – kan forutsi effekten av avbøtande tiltak i t.d. Breiddalen.

## 7. Fokusområde

8 Bispberget/Aursjoområdet: "Mye motorferdsel frå Aurjøen" Endre til: Mye motorferdsel til Aursjoen i sommarhalvåret. Vinterstid er Aursjoen utgangspunkt for varetransport til fleire buer både mot aust og vest.

# Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

24

10. Lomseggen: Prøveprosjekt over fem år med uttak av villrein i tamreinområdet i deler av Leir- og Bøverdalen statsalmenning i Lom kommune. Tiltaket kan bidra til mindre risiko for samanblanding. Dei bukkane som trekker over til Lom og oppheld seg utanom jaktbart område blir ikkje beskatta. Det blir derfor ein seleksjon for villrein som held seg i tamreinområdet. Fjern det som er skrive om villrein til Luster, usikkert kva effekt det har.

**Behandling:** Samrøystes som innstillinga.  
**Vedtak:** Som innstillinga.

## 12. Invitasjon til innspelsmøte om stortingsmelding om villrein

Klima og miljødepartementet har invitert til innspelsmøte om villrein. Det fyrste vart gjennomført i januar og hadde tema *utfordringsbilete*. Villreinnemnda deltok i arbeidet med å utforme innspel til dette møtet saman med villreinutvalet og nasjonalparkstyret for Reinheimen og for Breheimen. Innspela vart framført av leiarane i dei to nasjonalparkstyra og er limt inn nedst i denne saka.

No har vi fått invitasjon til det andre innspelsmøtet. Departementet ynskjer innspel om forslag til tiltak og nye/endra bruk av verkemedel (ny politikk), som kan leggje rammer for ei forvaltning som fører oss nærare det overordna målet om å betre tilstanden for villreinen. Invitasjonen er satt inn under:

### **Invitasjon til innspelsmøte om stortingsmelding om villrein**

**Klima- og miljødepartementet inviterer med dette til innspelsmøte for villreinområda nord for Sognefjorden 4. mai 2023 kl. 10.00 – 13.00, i samband med arbeidet med ei stortingsmelding om villrein. Departementet ber i samband med dette også om skriftlege innspel, med frist 15. mai 2023.**

Innspelsmøtet vil vere digitalt på Teams, og departementet vil sende ut lenke på førehand. Departementet vil t.o. også invitere til eit innspelsmøte for villreinområda sør for Sognefjorden til møte 3. mai 2023, kl. 10.00-13.00.

Målsetjinga med stortingsmeldinga er å sikre og forankre naudsynete og langsiktige endringar i gjeldande politikk og rammeverk for å kunne betre situasjonen for villrein. Det er ei ambisiøs målsetjing som krev at alle dei involverte sektorane jobbar saman og bidreg med sin del av jobben for å lukkast.

Det vi no ynskjer er innspel om forslag til tiltak og nye/endra bruk av verkemedel (ny politikk), som kan leggje rammer for ei forvaltning som fører oss nærare det overordna målet om å betre tilstanden for villreinen. I forkant av møtet vil vi publisere ei kortversjon av kva vi meiner er utfordringsbiletet, jf. dei innspela vi fekk etter dei to innspelsmøta. De kan eventuelt nytte dette som grunnlag for innspel til nye tiltak og verkemiddelbruk.

Vi ber om at dei som ynskjer å ytre seg på innspelsmøtet førebur eit kort, munnleg framlegg på inntil fem minutt om kva som krevst av endringar i området/områda som du representerer for å betre situasjonen for villrein. Det er ein fordel om meiningsfeller frå same område koordinerer felles innspel.

Vi ber også om at skriftleg innspel blir sendt på e-post til [postmottak@kld.dep.no](mailto:postmottak@kld.dep.no), med referanse «ref. 22/3687 – innspel til stortingsmelding villrein». Fristen for å sende innspel er 15. mai 2023. Alle som ønsker det kan uttale seg, sjølv om dei ikkje deltar på innspelsmøtet. Alle bør derfor vurdere å informere eventuelle tilslutta verksemder eller samarbeidande organisasjonar. Dei skriftlege innspela er offentlege etter offentleglova og blir publisert på regjeringen.no.

Vi ber om påmelding til møtet med informasjon om kva område de representerer, e-postadresse og om de ynskjer å ytre dykk i møtet innan 20. april 2023. Svar sendast til: [kld-arrangementer@kld.dep.no](mailto:kld-arrangementer@kld.dep.no)

- Innstilling:** Nemnda ynskjer å kome med innspel også til det neste innspelsmøte i samarbeid med dei same aktørane som på førre møte (utval og dei to nasjonalparkstyra).  
Viktige tema til møtet:
- Sikre trekket i Breiddalen mellom Reinheimen og Breheimen.
  - Hindre samanblanding mellom villrein og tamrein i grenseområdet mellom Reinheimen og Breheimen.
  - Oppretthalde og forbetre arealbruken til villrein. Gi forvaltninga betre verkty for å kunne styre menneskeleg ferdsel i sårbare område gjennom t.d. ferdselsrestriksjonar.
  - Kanalisering av ferdsel til mindre sårbare område primært utanom eller i randsona til villreinområda. Da kan det vera aktuelt med nedlegging av nokre ruter/stier og oppretting av betre alternativ. Gjerne økonomiske verkemiddel til slike tiltak.
  - Meir kunnskap om infrastruktur og kva effekt det har på villrein i vårt område.
- Behandling:** Naturleg at dei same personane som sist legg fram innspela frå vårt område (styreleiar i dei to nasjonalparkstyra). Samrøystes.
- Vedtak:** Nemnda ynskjer å kome med innspel også til det neste innspelsmøte i samarbeid med dei same aktørane som på førre møte (utval og dei to nasjonalparkstyra).  
Viktige tema til møtet:
- Sikre trekket i Breiddalen mellom Reinheimen og Breheimen. Tiltak: Tunnelinnslag langt øst.
  - Hindre samanblanding mellom villrein og tamrein i grenseområdet mellom Reinheimen og Breheimen. Tiltak: Forsøk med villreinjakt innan tamreinområdet og utarbeide handlingsplan med tiltak om ein skulle få samanblanding.
  - Oppretthalde og forbetre arealbruken til villrein. Gi forvaltninga betre verkty for å kunne styre menneskeleg ferdsel i sårbare område gjennom t.d. ferdselsrestriksjonar.
  - Kanalisering av ferdsel til mindre sårbare område primært utanom eller i randsona til villreinområda. Da kan det vera aktuelt med nedlegging av nokre ruter/stigar og oppretting av betre alternativ. Gjerne økonomiske verkemiddel til slike tiltak. Stig- og løypeplaner i alle kommunane i villreinområdet.
  - Meir kunnskap om infrastruktur og kva effekt det har på villrein i vårt område. T.d. scenarioanalyser.

## **Innspelet til møtet i januar:**

### **Innleiing**

**Breheimen nasjonalpark**, verna i 2009, 1691 km<sup>2</sup>, går frå nesten havnivå til over 2000 moh. Karrige høgfjell, isbrear og frodige stølsdalar og villreinens rike. Stillheit og urørt natur. Ein av dei mest varierte nasjonalparkane. Folket som bur kring Breheimen nasjonalpark har gjennom tidene vore sterkt knytte til fjellet, med jakt, fiske, stølsdrift og gjennom ferdsel mellom Aust- og Vestlandet. Mange av turane i Breheimen er av dei meir krevjande, mindre tilrettelagt.

# Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

27

Breheimen NP ligg i Lom, Skjåk og Luster kommunar. Rv15 over Strynefjellet går nord for nasjonalparken og Fv55 over Sognefjellet går sør for nasjonalparken.

**Reinheimen nasjonalpark**, verna i 2006, 1969 km<sup>2</sup>, er eit av dei største urørte høgfjellsområda i Sør-Noreg, der villmark med spor etter gamal fangstkultur pregar fjellområdet. Dei høgste fjella er over 2 000 moh., medan det lågaste punktet ligg i Romsdalen ca. 130 moh. I sør og aust er terrenget slakt med avrunda formar, vidder og rolege flyer. Her har området stor verdi for jakt, fiske og beitebruk, og er i liten grad tilrettelagt for turistar. I Tafjordfjella, vest i nasjonalparken, er terrenget brattare, og tilrettelagt med merka turstigar og overnattingsmoglegheiter på turisthytter.

Reinheimen NP ligg i Lom, Skjåk, Fjord, Lesja, Rauma og Vågå kommunar. Rv15 over Strynefjellet går sør for nasjonalparken og E136 Dombås-Åndalsnes går nord for nasjonalparken.

Både Reinheimen NP og Breheimen NP er ein del av Reinheimen – Breheimen villreinområde. Dette er eit av dei mest produktive i landet, og det tredje største leveområdet for villrein i Noreg.

## Verneformål

Formålet med oppretting av Breheimen NP og Reinheimen NP er bl.a. å:

- ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega fjellområde som inneheld særegne, representative økosystem og landskap som er utan tyngre inngrep.
- ta vare på eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald
- ta vare på sentrale leveområde til villreinstammen i Ottadalen villreinområde (nå Reinheimen-Breheimen villreinområde)

## Kvalitetsnorm

Reinheimen-Breheimen villreinområde er klassifisert som middels / gul. Dette er eit godt utgangspunkt, men kunnskapsgrunlaget i kvalitetsnormen peikar på fleire punkt som er viktige for villreinen sin framtid.

## Utfordringar

Reinheimen - Breheimen villreinområde er i praksis delt i to, og det einaste utvekslingsområdet/trekket mellom Reinheimen i nord og Breheimen i sør går over Breiddalen i Skjåk kommune. Statens vegvesen har konkrete planar om bygging av nye tunnelar på Rv15 mellom Skjåk og Stryn. Her er det mogleg å få til eit godt samanhengande trekkområde for villreinen dersom tunnelen gjennom Breiddalen blir trekt austover til Breiddalsvatnet. Dette vil òg kunne skåne villreinen for det meste av ferdsel inn i området i kalvingstida. Dersom dette ikkje blir gjort er det stor risiko for at det skjer det same her som i Rondane og på Dovrefjell, at trekket blir borte og at ein får 2 heilt åtskilte villreinstammer. Klima – og miljødepartementet bør absolutt inn i denne saka for å sjå på moglegheitene for å leggje godt til rett for at villreintrekket mellom Breheimen og Reinheimen blir ivareteke på lang sikt. Sjå vedlagt kart. (Kontaktpersonar i SVV: Prosjektleder Rolf Arne Hamre, planleggingsleiar Gisle Fossen og vegplanleggjar Kurt Lødøen).

I Breiddalen er det også til sals ei gamal hytte og eigar/seljar er Statens vegvesen. Hytta er lagt ut som næringsseigedom og er opphavleg ei gamal vegvaktarhytte. Denne hytta bør kjøpast av det offentlege slik at den ikkje kjem på private hender. Dette er nødvendig med bakgrunn i området sin status som eit særdeles viktig trekkområde for villreinen mellom Breheimen og Reinheimen. Hytta bør kjøpast og rivast for ettertida. Det er også ei anna hytte her som pr. nå er i dårleg forfatning og som bør kjøpast ut for ettertida.

Ei anna utfordring i Breheimen NP er grenseområdet mellom tamrein og villrein rundt Lomseggen (grensa mellom Lom og Skjåk). Utfordringane i dette området er knytt til overlappende arealbruk mellom tamrein og villrein. Arealet er brukt som vinterbeite for tamrein (konesjon), men også villreinen søkjer hit i vinterhalvåret og beiter fram til brunsten i september. Periodevis er det ei stor utfordring å halde villrein og tamrein åtskild (vinter/vår). Her ber vi om meir ressursar til blant anna tilsyn og tiltak slik at flokkane ikkje blandar seg. Bør det etablerast ein plan for kva som skal skje dersom det skjer større samanblanding?

For å bevare/forbetre vilkåra for villrein er det viktig å ikkje reduser arealtilgangen. Menneskeleg ferdsel er ei av dei store utfordringane for villreinen i dag, og vi har liten moglegheit til å hindre ferdsel i sårbare område der villreinen oppheld seg. Vi ber om at det blir gjort tiltak i lovverket slik at det blir enklare for forvaltningsmyndigheita å innføre ferdselsrestriksjonar. Dette vil vere aktuelt i eit avgrensa område og i ei avgrensa tidsperiode for å unngå forstyrningar av villreinen i sårbare periodar av året.

Strategien «Velkomen inn» kan vere ein vanskeleg balansegang, særleg for verneområda med villrein der ein kanskje ikkje ønskjer auka besøk. I tillegg må ein vere bevist på at utvikling av hytteområde o.l. kan føre til auka

# Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

28

ferdsel. Dette kan på sikt redusere arealbruken til villrein og føre til forstyrring og redusert kondisjon. I området rundt Bjorli er det konkrete utbyggingsplanar av fleire nye hytter og her kan ein forvente auka ferdsel inn i villreinområdet.

Det må til meir resursar for å samordne forvaltninga slik at ein får meir kunnskap om villreinen heile året. I dag framstår dette som noko fragmentert (villreinnemnd, villreinutval, nasjonalparkstyre, SNO, rovviltutval, fjellstyre m.m.). Det er også viktig at det blir satsa på lokal forvaltning og at sentrale myndigheiter bruker kunnskapen som ligg i den lokale forvaltninga.

Det er viktig med tilstrekkelege resursar til informasjonsarbeid, overvaking gjennom året, meir resursar til beitekartlegging og GPS-merking for betre dokumentasjon av arealbruk. Det trengs meir kunnskap om effekten av ferdsel og infrastruktur på villrein konkret i vårt område. Det er derfor ønskeleg å ta i bruk «scenarioanalyser» for å sjå på effekten av ulike tiltak.


Utfordringane i Reinheimen-Breheimen villreinområde er godt beskrive i kunnskapsgrunnlaget i kvalitetsnormen for villrein. Vi viser derfor til dette kunnskapsgrunnlaget for meir utfyllande informasjon: <https://villrein.no/kvalitetsnorm/delnormtreinheimen-breheimen/>

Det er ønskeleg å delta i prosessen framover med ny stortingsmelding for villreinen. Ved å bruke lokale aktørar i den komande prosessen vil ein sikre at lokalkunnskapen kjem fram, og hele prosessen og sluttresultatet vil få ei betre lokal forankring.

## Invitasjon

Vi vil med dette invitere Klima- og miljødepartementet til ei synfaring i området for å sjå på bl.a. vegplanane i Breiddalen og konfliktane i dette viktige trekkområdet mellom Breheimen og Reinheimen. Vi har i utgangspunktet store verneområde med lite konflikt, i både Reinheimen og Breheimen, men det er viktig å vera føre var slik at ein møter framtida på best mogleg måte for villreinen sin del. I dette må ein også ta vare primærnæringane som er viktige for både fjellområda og bygdesamfunna.

## Kart over villreinen sitt trekkområde og planlagde tunnelar i Breiddalen.



Kartet viser trekkområde mellom Breheimen NP og Reinheimen NP i Breiddalen i Skjåk kommune. I tillegg er planlagde tunnelar i teikna inn.

### **13. Orienterings og drøftingssak: Felles søknad om uttak av villrein i tamreinområdet i deler av Leir- og Bøverdalen statsallmenning i Lom kommune**

Reinheimen-Breheimen villreinutval og Lom fjellstyre ynskjer å fremme ein felles søknad til Miljødirektoratet om ei prøveordning med formål om å beskatte villrein som oppheld seg på statsallmenningen i Lom.

Vedlagt ligg brev frå villreinutvalet til Lom fjellstyre og sakshandsaminga til Lom fjellstyre.

- Innstilling:** Nemnda støtter ei prøveordning med uttak av villrein i tamreinområdet. Det er viktig å finne tiltak som kan redusere risikoen for samanblanding av tam- og villrein. Sjølv om samanblanding er sjeldan, er risikoen der kvar vår. Det er avgrensa med verkemiddel for å unngå samanblanding det er derfor positivt når ein kjem fram til tiltak som kan ha effekt. Lom tamreinlag har konsesjon til tamreindrift innan det aktuelle området i delar av Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Dei brukar området som vinterbeite i perioden januar – april. Området er samstundes biologisk leveområde for villrein og ein finn mange villreinrelaterte kulturminne her. Villrein brukar området frå mars – september.
- Behandling:** Det er ynskjeleg at det blir utarbeidd ei handlingsplan med retningslinjer for kva ein skal gjere ved samanblanding av vill og tam rein. Samrøystes med tillegget.
- Vedtak:** Nemnda støtter ei prøveordning med uttak av villrein i tamreinområdet. Det er viktig å finne tiltak som kan redusere risikoen for samanblanding av tam- og villrein. Sjølv om samanblanding er sjeldan, er risikoen der kvar vår. Det er avgrensa med verkemiddel for å unngå samanblanding det er derfor positivt når ein kjem fram til tiltak som kan ha effekt. Lom tamreinlag har konsesjon til tamreindrift innan det aktuelle området i delar av Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Dei brukar området som vinterbeite i perioden januar – april. Området er samstundes biologisk leveområde for villrein og ein finn mange villreinrelaterte kulturminne her. Villrein brukar området frå mars – september. Det er ynskjeleg at det blir utarbeidd ei handlingsplan med retningslinjer for kva ein skal gjere ved samanblanding av vill og tam rein.

## 14. Referatsaker

### 14.1. Omsyn til villrein i samband med øving i regi av Dombås - Brennhaug - Lesja Røde Kors Hjelpekorps - høyringsuttale (Sak 1-23)

Dovre kommune har bedt villreinnemnda om uttale til søknad om øving i regi av Dombås - Brennhaug - Lesja Røde Kors Hjelpekorps

#### **Søknaden:**

Viser til vedlagte øvingsplan som er godkjent av Innlandet politidistrikt.

Dette er år 4 i vår 5 årige øvingsplan.

Vi søker hermed Dovre kommune om tillatelse til motorisert ferdsel for følgende aktivitet i 2023:

Øvelse A1 Skredøvelse Hardeggen i Dovre kommune

Motorisert ferdsel med inntil 15 snøscootere lørdag 11. mars mellom kl. 10:00 og kl. 18:00.

Det vil være behov for ferdsel med inntil 3 snøscootere fredag 10. mars mellom kl. 10:00 og 18:00 i forbindelse med klargjøring til øvelsen.

Det sendes egen søknad til Dovre Vestside Grunneierlag/Dovre Vestside Viltforvaltning

Vedlagt kart viser området for motorisert ferdsel i forbindelse med øvelsen.

Med hilsen

BRENNHAUG – LESJA OG DOMBÅS RØDE KORS HJELPEKORPS

I kartet på neste side er øvingsområdet markert med rødt.

#### **Vår vurdering**


Området der det er planlagt øving er innanfor leveområde til villrein i Reinheimen-Breheimen villreinområde. Området er registrert som vinterbeiteområde. Villrein har i liten grad brukt dette området dei siste åra, men det har historisk vore eit veldig viktig område for villrein, jf massefangstanlegget på verket ved Slådalsvegen. Potensielt er dette eit veldig viktig område for villrein og eit område som det er ynskjeleg at villrein i større grad nytta seg av.

Det gjekk ein liten villreinflokk aust for Slådalsvegen før jul i 2020. Flokken gjekk der utover vinteren i 2021. Det var med minst ei simle. Elles har nemnda sparsomt med opplysningar om arealbruk hjå villrein frå dette området, men villreinutval og evt SNO har kanskje meir.

I og med at villrein brukar dette området såpass sparsamt tykkjer vi det er greitt at øvinga blir gjennomført som planlagt. Men det er fint om ein t.d. fredag 10. mars i samband med klargjøring til øvinga får sett over om det er villrein i området. Om det er villrein der bør øvinga bli avlyst / avgrensa / fløtt. Villrein som evt er i dette området må ein unngå å skremme vekk i og med at den er viktig for å få den til å bruke dette området i større grad på sikt.

Det er ynskjeleg at t.d. villreinnemnda blir varsla om villreinobservasjonar i dette området (gjerne sms til 48190145).

# Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen



## 14.2. Høyringsuttale - øvingsplan for Skjåk Røde Kors Hjelpekorps i perioda 2023-2027 (Sak 2-23). Svar sendt 21.02.23.

Skjåk Røde Kors Hjelpekorps (SRKH) har søkt om løyve til gjennomføring av fleirårig øvingsplan for perioden 2023-2027. Planen er sendt på høyring til villreinnemnda.

Generelt er det ikkje ynskjeleg å gjennomføre øving i eller i nærleiken av område der registreringar syner at ein kan treffe på villrein. Villreinforvaltninga kan gjerne bidra på eit tidlegare trinn i planlegging av øving slik at vi kan kome med forslag til ruter. Det var derfor veldig bra å få til eit møte mellom røde kors, SNO, nasjonalparkforvaltninga og villreinnemnda den 20.02.23. Søknaden vil etter møtet bli justert noko. Denne uttala er basert på den fyrste søknaden, men er justert noko etter møtet i går.

Statens naturoppsyn (SNO) har ofte ferske opplysningar om villrein sin områdebruk og har sporlogger og god kjennskap til ruteval i fjellområda i Skjåk. Dei kan også truleg bidra i planlegging av øving.

Når det gjeld køyring med fleire snøskuterar er det betre å køyre mange samstundes, enn at det kjem ein og ein skuter over ein lang periode.

Villreinnemnda er positive til at SRKH får naudsynt trening. Dei gjer ein viktig jobb for samfunnet.

### **I øvingsplanen til SRKH er det åtte aktuelle ruter. Vurdering iht villrein for kvar av rutene:**

**Rute 1:** Sota-Nørdstedalseter-Trulsbu.

**Rute 2:** Trulsbu-Lundadalen-Holåbreen-Midtre Gjelåbreen- Tundradalen-Sota

**Rute 3:** Sota-Mysubytta-Slæom/Sota-Mysubytta-Sprongdalshytta.

Villrein innan søraustområdet går normalt på vinterbeite nord og aust for dei områda som er aktuelle for øving. På vårparten trekker dei sørvestover og kan komme inn i øvingsområda. Vinteren 2014 var det minimumsteljing 27. mars. Da hadde allereie 166 dyr kryssa Lundadalen og vart observert ved Hesthøe. Villrein på sørvestområdet går normalt på vinterbeite nord for øvingsområdet (rute 3). Men det er ofte bukkeflokk(ar) i Sekken. Det er normalt at også dei trekker sørover på vårparten og kan kome inn i øvingsområdet for rute 3. Felles for desse tre rutene er øving så tidlig som mogleg. Øvinga bør vere ferdig innan utgangen av mars.

**Rute 4:** Grotli-Skridulaupen

**Rute 8:** Grotli-Skriulapbu (Raudalen)

Rute 4 og 8 går igjennom vinterbeiteområdet til villrein. Det er ikkje ynskjeleg med motorferdsel gjennom dette området. Dersom ein køyrer rute 8: Grotli – Mårådalen – Skridulaupbu og same vegen tilbake er det truleg mindre forstyrning av villrein. Det er lite ynskjeleg med køyring om Huguvarardtjønne – Glittervatnet – Rauddalen, det vil truleg vere avbøtande om ein kutter denne delen av traseen. Grotli – Skridulaupen er ein trase der ein ofte vil treffe villrein, altså ikkje ynskjeleg med øving her med tanke på villrein. Under teljing 2. feb vart det registrert 81 villrein ved Yste Leirvatnet. Det er ikkje så vanleg at villrein oppheld seg inne i Rauddalen på vinteren. Før rute nr 8 evt blir køyrd må ein ta spesielt

omsyn i dette området. Det kan vera greitt å vente med planlegging av denne ruta til ein evt har opplysningar om at flokken ved Yste Leirvatnet har fjerna seg frå planlagt rute.

## **Rute 5: Aursjoen-Langvasslågån-Torsvatn-Dør-Sveinbu-Aursjoen**


Kalvingsområdet til villrein er mellom anna registrert i eit belte på båe sider av Lordalen og sørover forbi Aukarsvatnet til nordsida av Aursjoen – sjå figur under, ref [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no): Vinterbeitet til villrein har dei siste åra vore lengre aust, men på ettervinteren og våren trekker mye av villreinen nordvestover og inn i kalvingsområda. For denne ruta er det også viktig å halde øvinga tidleg. Det er mindre sannsynleg å treffe på villrein om ein starta frå Billingen. Kanskje det kunne vere eit alternativ på denne ruta? Øving i dette området bør skje tidleg på vinteren, før villrein trekker nordvestover. Under teljing 2. feb vart det registrert 152 villrein i Tordalen. Normalt (siste 15-20 år) går villrein i Reinheimen lengre aust på vinteren, men det har vore ei endring til auka bruk av nordvestre delar av villreinområdet den siste tida. Før rute nr 5 evt blir køyrd må ein syne ekstra omsyn til villrein flokken som var/er i Tordalen og legge ruta slik at ein unngår å forstyrre den om den framleis er i området. God kontakt med villreinutval og SNO blir viktig.

## **Rute 6: Aursjoen-Leirungsvatnet-Lesjagrensa-Sveinbu-Aursjoen**

Denne ruta går tvers igjennom kjerneområdet til villrein i Reinheimen. Det er ikkje ynskjeleg med øving her. Deler av dette området var også vurdert som øvingsområde av hjelpekorpsene i Lesja og Dovre i 2015. Villreinnemnda uttrykte da også skepsis til øving i dette området. I 2018 var vi tydeleg på at det ikkje var ynskjeleg med øving her. Dette gjekk som ein klagesak til MD der konklusjonen var at det ikkje var ynskjeleg med øving i dette området. Arealbruken til villrein her har ikkje endra seg drastisk sidan 2018, konklusjonane frå den gong bør derfor vera styrande. Denne ruta vart teke ut under møtet den 20. feb.

## **Rute 7: Grotli-Danskehytta-Grønvatnet-Veltdalen-Torsbu-Billingen**

På denne ruta har det i fleire år vore lite sannsynleg å treffe villrein, men dei siste tre åra har villrein på nytt teke nordvestområdet meir i bruk. Villrein her er ein føresetnad med tanke på utveksling mellom Reinheimen og Breheimen, og er derfor viktig i eit langsiktig perspektiv for heile Reinheimen-Breheimen villreinområde. Det er ikkje rapportert at villrein har kome inn i dette området så langt i vinter, men det kan fort skje. I så fall må ein vera forsiktig med øving her. Samstundes er vi kjend med at Skjåk røde kors har vore på fleire redningsaksjonar i dette området. Vi har derfor forståing for at det er viktig for røde kors å vera kjend i dette området.



Kalvingsområde og oppvekstområde til villrein, ref [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)

**Innstilling:** Referatsakene er tekne til orientering.  
**Behandling:** Samrøystes.  
**Vedtak:** Referatsakene er tekne til orientering.

## 15. Neste møte i nemnda

Forslag:

Vi har tidlegare prata om møte i Bjorliområdet og synfaring i området Asbjørnsdalen. Sota Sæter har planar om å arrangere norsk villreinfestival 18. og 19. august.

**Vedtak:** Møteplan:  
Villreinrådet – Fagdag mai/juni  
Synfaring i Asbjørnsdalen, gjerne gå til Brennhø. Møte etter villreinjakta, gjerne i oktober. Primært fredag / laurdag  
AU vurderer å stille på villreinfestivalen på Sota.

## 16. Eventuelt

E-post frå valnemnda i villreinrådet:

Hei alle,

Villreinrådet har årsmøte og fagdag 31 mai – 1 juni. Årsmøte vil være i forkant av fagdagen. I den forbindelse skal det i år velges styre og valnemnd til villreinrådet. Derfor tilskriver vi (valnemnda) alle kontaktene som villreinrådet har inne for å spørre om det er noen som ønsker å være med i styret, eller om dere kjenner noen som burde være med i styret. Dette gjelder også for valnemnda. Det utgående styret og nemd har bestått av:

Endre Læg Reid, (leder), Hardangervidda (nemnd),  
Olav Søderberg (nestleder), Snøhetta (nemnd),  
Kristian Eiken Olsen, Setesdal Ryfylke (utvalg),  
Randi Rust, Reinheimen-Breheimen (nemnd),  
Gunnvor Sunde, Sogn og Fjordane (nemnd),  
Vara: Jan Erik Dalum, Snøhetta villreinutvalg

Valnemnda har bestått av:  
Henning Ø. Poulsson (leder), Hardangervidda  
Jo Trygve Lyngved, Skjåk  
Toril Melheim Strand, Snøhetta og Knutshø

Vi ser frem til mange gode innspill! **Fristen for innspill settes til 1. mai.** Send innspillet til undertegnede: [henning.poulsson@me.com](mailto:henning.poulsson@me.com)


Regards

*Henning Ø. Poulsson*

## Vedtak:

Val til villreinrådet blir teke vidare i samband med landsmøtet. Søknaden om ombygging av Pyttbua har DNT Sunnmøre førebels trekt attende i påvente av scenarioanalyser for betre å kunne vurdere konsekvensane for villrein av endringar i området. Nemnda venter med uttale til vi veit meir om framdrift i dette prosjektet.

Johan Berge  
Leiar

  
Tor Taraldsrud  
Sekretær